

Segner um Svartedauden i Sogn.

Av Kjell Bondevik.

Frå den historiske tidi kjenner me ikkje noko større uhende enn Svartedauden (1349—50). Vitskapsmennene no reknar med at noko slikt som $\frac{1}{4}$ av alt folket strauk med i sotti, i alle fall på Vestlandet. Dette måtte setja djupe merke i folkehugen, serleg då fari etter herjingi var synberre i lange tider. Gardar var nedlagde og låg øyde i mannsaldrar, samkvæmet minka, og skattane vart vande å greida for dei som sat att. Til dei synlege minni knytte det seg mange tankar og spursmål, som folk etter kvart prøvde å greida ut og finna svar på. Snart var segnlagingi i full sving, d. v. s. folkelege freistnader på å gjeva ei naturleg forklaring på historiske fakta. Ein kann vel rekna med at dette tok til på 1400-talet. Då tilhøvi var so like yver heile landet, hadde segnene lett for å vandra og knyta seg til nye stader. Difor er det lite lokalt og sermerkt som kjem fram; men Sogn hev noko av det eldste og mest typiske på dette umkvervet. Landsluten vår vart kjend vide ikring.

Det fortelst frå Sogndal at »Svartedauden tedde seg i mansskapnad på Vatnasætlandet. Han kom ned Raudmyr og ropa etter båt. Ein mann frå Flatland rodde yver. Guten bad for seg; men han måtte til«, og: »Svartedauden herja følt i Sogndal. Det var berre att ein mann på Torstad, ein på Hausa og ein på Kvale (sume seier Dvergedal). Torstadmannen vilde til Hausa og få vita kor langt det leid. Han var komen av dagtalet. Då han kom til Vassenden, ropa Berrefjellbonden:

»Heimatte med deg, di fleinakaka,
dagadn fo og natedn tre
til julande,

Tilskrift utgjere av Historielaget
for Sogn, nr. 10, 1939 (s. 77-83)

og du har korkje bryggja elde baka!

Då snudde han framatt«.

Den fyrste segni skal prøva å forklåra at sjukdomen kom med samferdsla, kanskje og at sume freista å røma undan sotti, men dei førde henne berre med seg til nye stader (sjå seinare). Smittefåren var so stor at mest ingen stod seg mot åtak. Den andre segni viser oss fylgjone etter farsotti. Det var langt millom grendene og ikkje noko hopehav. Det gjekk attende med kunnskapane. Difor vert denne bonden kalla ei »fleinakaka« (i: tosk). Ofte er det no gløymt at denne segni knyter seg til Svartedaunden. Me finn ho som mystisk vandresegn i landet ¹⁾.

Ingi segn hev vunne eit større gjetord enn den som fortel um Jostedalsrjupa. Ho er prenta mange gonger. Den fyrste uppteikningi som eg kjenner, skriv seg frå um lag 1700. Jonas Ramus tok henne med i sin *Norriges Beskrivelse* (Kbh. 1715, s. 166). Det er noko av det viktigaste han veit å fortelja um saga frå Sogn: »Øster ind i Sogn blandt Fieldene ligger Justedal, som efter Beretning først skal være begyndt at bebygges Anno Chr. 1348, da den store Pest gik, som kaldes den sorte Død: til hvilken at unngaae, mange av de fornemste Folk i Sogn droge op i denne øde Dal og bygde der, og gjorde den Anstalt at ingen af deres Venner maatte komme op til dem, saa lunge Pesten varede, men de skulde legge deres Breve under en Steen paa Vejen, og der finde Breve til Sogn igjen. — Ikke desmindre kom dog Pesten der op, og de døde ud allesammen, foruden en liden Pige, som blev saa forvildet, at hun skydde for Folk ligesom en Rype eller vild Fugl; blev dog omsider fanget og førdt ned til Sogn og kaldet Rypen. Hun blev omsider gift, og saa meget Jord, som bygt var i Justedal, blev tilkiendt at følge hendes Ætt og Slegt, som af hende blev kaldet Rypeslegten«.²⁾

Det er ikkje rett at Jostedalen fyrst vart bygd etter Svartedaunden. Jens Kraft seier (*Topogr.-stat. Beskr. IV, s. 817*): »At Justedal har været bebygget før den sorte Død vise flere af de herværende Oldtidsminder, og den »bergen-

ske Kalveskinds-Bog«, forfattet omtrent 1320, der nævner *Justrudals Kirke*«. Segni vil òg ha det slik til at ikkje berre sogningar, men »en stor Deel af Bergens Indvaanere tog Flugten fra Byen, blandt andre Steder til Justedalen, hvor da Sygdommen udbredte sig, og Dalens Beboere uddøde, på et lidet Pigebarn nær, som man siden fandt i en aldeles vild Tilstand. Det var den bekjendte Pige, man kaldte Rypen, som siden blev opdragen i Vaage Præstegjeld, og skal være Stammemoder til den vidtløftige Heibergske Slægt. Det er mærkeligt, at endnu den Dag i Dag, efter henved 500 Aars Forløb, en stor Steen eller et Klippestykke, som ligger ved Indgangen til Justedalen, kaldes Brevsteinen, fordi Breve til og fra de did Henvlygtede bleve lagte der, for siden derfra at afhentes«.³⁾

Litt etter Ramus (1750) kjem Jostedals-presten med ei mykje nøgnare utforming, slik han må ha høyrte ho på heimstaden: »Efterat den saa kaldte sorte Død havde overgaaet Justedalen og alle, undtagen et eneste lidet Pigebarn paa foromtalte, nu ødelagte, Gaard Birkehøugen i Milvirsdalen, vare bortdøde, har kreaturet søgt igiennem Skovene og næret sig på Marken, som løber til forbemeldte Vaage Præstegjeld, hvor Folket, som saae en stor Deel fremmede Kreaturer, blev heel forskrækket, tog da Kreaturet i Forvaring, og, da de ei fornumme Folk komme at søge efter det, toge nogle sig for at reise herover, som de frygtede det ei måtte staae vel til i Justedalen; og da de vare hidkomne, saae de Folket overalt at ligge døde, hvor de kom i Husene, og kunde ei finde nogen at tale med om dette bedrøvelige Syn. Omsider da alle Gaardene vare besøgte og de vilde begive sig til deres Hiem igjen, bleve de vaer i Birkehøugskoven et lidet Pigebarn, der didhen havde søgt sin Tilflugt, eftersom hun først havde faaet dem i Sigte, hvilket Barn de først raabte til; men da de fornåm hun mere og mere søgte ind i Skoven for at skiule sig for dem, istedet for at de havde ventet hun skulde have nærmet sig til dem, maatte de tage sig for at fange hende; og da de med stor Besværighed omsider havde faaet hende fat, der var som en

vild Fugl, og de ei forstode hendes Tale eller hun deres, toge de hende med til Vaage, angav alt hvad de havde seet og passeret var, og blev dette Barn da opdraget der en Tidlang, og kaldet med Tilnavn Rypen (med hvilket Navn Hübner i sin Geographie anmærker dette Steds Indvaanere, naar han taler om Justedalen) *) Foranførte Pige begav sig omsider, da hun var kommen til Aar og Alder, til sit Fødested, blev gift og boede til sin Død her i Justedalen. Og skal al hendes Afkom være bleven kaldet med det Navn Rypeslægten. Af denne Familie veed ingen tilforladelig at sige nogen at være tilbagelevende; dog formenes efter endeels Beretning, at nuværende Lensmand her, Tørgjer Ottesen, skal være udsprungen av denne Rod.

Her er mykje urimeleg, m. a. at Josedalsrjupa og gudbrandsdølene ikkje skyna kvarandre; men segnene tek det ikkje alltid so nøgje soleis.

Denne segni er òg knytt til andre sognebygder: På ein gard som heiter Hamre på Syrstrand var det berre att ein mann. Han fór der og tusla og tasla i einsemd i og visste mest ikkje kva han skulde triva til. Ein dag gjekk han upp i skogen etter ei vedbyrd. Der vart han so underleg svevnu, la seg ned med toget under hovudet og sov ei stund. Medan han låg soleis, tykte han det var einkvan som ropa og sa: »Olav, gakk upp å Eggjum, so skal du finna folk«. Han so gjorde, og då han kom upp der, høvde han ei liti frisk og truskuldig gjenta. Han spurde kva ho heitte. »Å, ho moder kallad meg vetla-rjupa si«, svara ho. Sidan vart ho kona hans, og frå dei tvo ætta folket her kring bygdene (Sande: Segner II, s. 100). For nokre år sidan vart dette uppteikna: »Det døydde ut alt folket i Aurland, so det berre var att 7 (2) menneskje. Dei møttest ved Ryggjakyrkja og gjekk te alters rundt ein stein. Han ligg enno. Etter dauden for det folk upp i Ardalen skulde sjå um der livde noko. Mann

*) Ramus må her sikta til Johann Hübner: »Fragen aus der alten und neuen Geographie«, ei bok frå 1693. Soleis kann ein umveges fylgja segni enno nokre år lenger attende i tid.

og kona var daude. Dei hadde ei liti gjenta, og dei hadde sett fram mat på bordet fyrr dei døydde. Ho hadde krope inn i ei fjeraseng. Dei såg henne berre i føtna. Ho livde upp. Og ætti hennar kalla dei sporvaslektik.*) Eller dei fortel at folki døydde radt ut i denne bygdi, »diso vart det kallad Aud(e)land« (Sande: Segner II, s. 100). Namnetydingar er soleis sette i samband med sotti. Med dette kann ein jamføra at Jostedal i det 16. hdr. vart kalla »Kongens Ødemark« (sjå seinare).

Det er soleis klårt at me her står andsynes ei vandre-segn.

Sume seier at det til grannesokni i Gudbrandsdal kom sju hølingar med sine bjøllekyr. Andre fortel at det vart sendt folk fram frå grannebygdene i Sogn og skulde sjå etter korleis alt stod til då det ikkje vart lagt fleire brev under steinen. Då dei kom fram i Mjelvesdalen, såg dei i nysnøen far etter eit menneske. Dei spurde henne um ymse; men ikkje skyna ho dei, og ikkje dei henne, so nær som nokre ord: »Mor — vetle-rjupa«. Dei fortel at då mor hennar døydde, sette ho mat att på bordet, smatt vesle-gjenta inn i ei fjørseng og stakk mat ned i der, so ho i alle fall ikkje skulde svelta i hel. Då dei fann henne, var det vakse fast fjør på henne. Mennene tok gjenta med seg heim, og ho vart skikkeleg og bra. Nokre fortel at ho sidan vart gift og budde på Bjørkahaug, der ho so vart verande til sin døyande dag; men fleire seier at ho busette seg på Runnøy i enden av Gaupnefjorden, der jostedølene køyrer til sjøs. Dei kalla henne Jostedalsrjupa etter det mor hennar hadde sagt då ho stakk henne ned i fjørsengi. Og hennar ætt skal ha det til mark framfor andre at ho hadde »fuglahold«, det vil seia store, opne sveitehol i holdet og hudi etter den dun som var byrja veksa på henne. Sume hev fortalt at ho vart gift med ein storkar frå Danmark og at ho flutte der ned med honom (Sande: Segner II, s. 102—104). Denne segni er ei av dei som er rikast utforma episk.

Rjupa finn ein som kvinnenamn i Landnámabok (s.

113, 115, 206, 219, 351); men elles er det ikkje kjent i gamal norrøn litteratur. Truleg hev det vore reint sjeldsynt i Sogn og soleis spela ei stor rolla for segnlagingsi og gjeve rikeleg høve til fantasering; men fuglen var velkjend. Med utgangspunkt i dette sa dei at 1) gjenta var vill som ei rjupa, 2) mor hennar hadde kalia henne slik, 3) av di mori hadde havt henne i ei fjørseng, voks det fjør på henne, 4) ætti hennar fekk fuglemerke.

Summe av dei eldre uppteikningane nemner det meiningslause at bølgingane kom til Vågå; men det er ikkje noko naturleg samband millom desse bygdene. I Gudbrandsdal fortel ikkje segni at feet søkte den vegen; for det måtte fyrst gjenom både Nordherad (Skjåk) og Lom; men det kom til ein gard som heitte Lidar. Det skulde vera folk frå denne garden som — naturleg nok — fyrst fekk otte for korleis det stod til i Jostedal. Dei drog nedi der og fann gjenta, og det vart der på Lidar ho vaks upp, og ein av gutane der vart ho då ogso gift med. Det er fortalt um Rjupa ein gong ho stod over ei kjelda og vaska håret sitt at ho sa: »Eg vil stella lekamen min lel, um eg er einsleg i verdi« (Årbok for Dølaringen 1931, s. 132). Dei yngste uppteikningane i Sogn er òg meir geografisk orienterte: »Um sumaren kom kyr, geiter og sauer frå Jostedalen yver Handspiki til nabobygdi Skjåk... Skjåkingane fann ho på Nigard i Mjølversdal... Skjåkingane tok henne med seg til Gudbrandsdalen, men då ho vart vaksi flutte ho attende til Sogn, og vart gift på Roneid«. (Sogne Tidend 28-7-1936, s. 1. Det same i Dagen 6-8-1936, s. 4).

Sande skriv slik: »Etter svartedauden (1349) laag Jostedalen aude i eit par aarhundrad, og aakr og eng laag attvaksne med skog. Det forteist, at dei, som fyrst busette seg i dalen etter svartedauden, var folk fraa Nordfjord, mest brotsmenn og røvarar, som der i dalen fekk liva i tryggd, vekke fraa log og dom« (Segner II, s. 105). Føye er inne på det same: »I nogle Aar blev Justedalen ubeboet, indtil nogle Nordfjordinger droge derhen og oprydede de gamle Enge og Agre«. ⁵⁾

Ein veit visst at det i lange tider stod dårleg til i Jostedal: »Endnu i det 16de Aarhundrede kaldes Justedal »Kongens Ødemark«, og ifølge en Matrikul af 1661 hørte alle Dalens Gaarde dengang til det saakaldte Aposte-Gods«. ⁶⁾ Det kann difor ikkje ha vore mange menneske der etter Svartedauden. Segnene rører soleis ved ein sanningskjerne. På fleire måtar skil jostedølene seg frå sogningane elles. Amund B. Larsen som hev granska sognemåli, må stendigt gjera atternald for Jostedal, eller nemna former som ein finn der, men ikkje i grannebygdene: »Dog således at Jostedalens former i den større nordlige del av præstegjeldet i de bestemte flertalsendelser som i flere andre ting ikke er av sognak type, men hænger sammen med Nordfjordsmålene« (s. 28). Og: »Jostedalens sproglige stilling sammenlignet med I. S. (Inderste Sogn) forøvrig er temmelig parallel med den Øn og den nordlige del av Sulen har til Y. S. (Ytterste Sogn). Likesom disse i mange meget isnefaldende ting er søndfjordske, så er Jostedalen, vistnok i endnu højere grad, fuld av Nordfjords mål« (s. 38). Ein annan sambandsveg hev og vore viktig: mot Gudbrandsdal. Då jostedalspresten nemner Vågå i 1750, er det mogeleg at samferdsla austetter hev vore den viktigaste på den tid, og segni hev forma seg etter det. Folk var ikkje redde fjellvegane i gamal tid. Dei hadde mindre mot på lange dalar med skog og andre vanskar.

Segni gjev oss eit godt tidsbilete, men kann ikkje takast bokstavleg. Ho fortel meir um diktarhug, fantasi og granskartrong enn um historisk fakta. Ogso på eit anna umkverve er ho viktig: me fær sjå kor traust tradisjonen held seg. Formingane som lever på folketunga i dag, er plent like dei eldste uppteikningane som no er 200—300 år gamle.

Merknader: 1) Mine uppteikningar. Sjå Sande : Segner II, s. 99. 2) Holberg skal ha kjent segni (Budstikken 1824, s. 588). Pontoppidan talar um Jostedalsrjupa i 1749 (Daas: Aktmæssige Bidrag, s. 59). 3) Urda I, s. 168. 4) Uppteikna av Hannaas. Jfr. Hans Ross: Lister, s. 20 og Nicolaysen: Norske Fornlevninger, s. 456. 5) Norske Sagn, s. 130. 6) Kraft: Topographisk — stat. Beskr. IV, s. 817.